

Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 TRONDHEIM

Vår ref.: 2017/19

Dykkar ref.: 2017/1017

Dato: 21.3.2017

## **Genmodifisert sprøytemiddel- og insektresistent mais MON 87427x MON 87460 x MON 89034 x MIR162 x NK603 til import, prosessering, mat og fôr**

Bioteknologirådet har motteke brevet frå Miljødirektoratet datert 6.2.2017, som gjeld søknad EFSA-GMO-NL-2016-134 om godkjenning av den genmodifiserte maisen MON 87427 x MON 87460 x MON 89034 x MIR162 x NK603 under mat- og fôrforordninga i EU. Miljødirektoratet har bedt Bioteknologirådet om ei vurdering av søknaden og om spørsmål som gjeld berekraft, samfunnsnytte og etikk som eventuelt kan stillast til søkjaren.

Maisen er ein krysning av fem genmodifiserte maissortar og inneheld to gen som gjer at han produserer protein som gjer han resistent mot sprøytemiddel med glyfosat. Maisen har tre gen som gjer at han produserer proteina Cry1A.105, Cry2Ab2 og Vip3Aa20, som verkar som insektgift mot visse skadeinsekt. Skadeinsekta er larvar av nokre sommarfuglartar. I tillegg inneheld maisen eit gen (*cspB*) som skal føre til betre avlingsutbytte under lite tilgang på vatn. Han har òg eit gen som gir resistens mot antibiotikuma kanamycin og neomycin, og eit gen som gjer at plantane kan nytte sukkeret mannose som kjelde til karbon. Dei to siste eigenskapane blir utnytta når ein skal velje ut plantane som har vorte genmodifiserte, på laboratoriet.

Maisen er godkjend for dyrking i Canada.

Etter genteknologiloven skal ein GMO ikkje skade helse og miljø for å bli godkjend i Noreg. Det skal òg leggjast vesentleg vekt på om GMO-en er samfunnsnyttig, etisk forsvarleg og bidreg til berekraftig utvikling, og Bioteknologirådet har eit særleg ansvar for å vurdere dette. Fordi berekraft skal vurderast langsiktig og globalt, er tilhøva i produksjonslanda òg relevante.

Eit samrøystes Bioteknologiråd meiner at å godkjenne GMO-ar med gen for antibiotikaresistens ikkje samsvarer med omsynet til helse, miljø og berekraftig utvikling i global samanheng. Antibiotikaresistens må sjåast i eit heilskapleg perspektiv, og sjølv om overforbruk av antibiotika er hovudårsaka til at bakteriar blir resistente, er det òg viktig å hindre at resistensgen spreier seg i miljøet.

Bruken av slike gen er ikkje i tråd med norske forskrifter som fastslår at det er forbode å produsere, importere og omsetje fôrvarer, næringsmiddel og næringsmiddelingsrediensar som

inneheld gen for antibiotikaresistens. Forbødet gjeld når gena er tilførte ved genmodifisering og kan påvisast i sluttproduktet. Bioteknologirådet meiner det er sannsynleg at godkjenning av GMO-ar med desse gena kan føre til at slike produkt hamnar på den norske marknaden.

Å stille fleire spørsmål til søkjaren no vil ikkje gi avgjerande ny informasjon.

Bioteknologirådet rår til at Noreg forbyr maissorten MON 87427 × MON 87460 × MON 89034 × MIR162 × NK603 til import, prosessering, mat og fôr.

Med helsing

Kristin Halvorsen  
leiar

Ole Johan Borge  
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi: Klima- og miljødepartementet